



Olav og Hallgerd Flø har vore på festen sidan dei gjekk av med pensjon.

Fest til stor glede

Svein Kvamsdal var hovudgjesten under Ørsta Rotaryklubb og Ørsta Inner Wheel Klubb sin pensjonistfest. Han fekk både fram latter og tårer. Det var om lag 140 personar på festen, og alle var positive og tilfredse.

I 25 år har Ørsta Rotaryklubb og Ørsta Inner Wheel Klubb arrangert pensjonistfest i Ørsta. Tysdag bra-kra det laust igjen. Det var dekt til 180 personar, og på kjøkkenet stod lekra smørbrødfat og flotte kaker klare for å verte oppetne.

Tradisjonen tru stod dei to presidentane ved inngangsdøra og yngste kvar enkelt gjest velkommen. Dei heldt også ein liten velkomsttale.

Verva må rotere

President i Ørsta Rotaryklubb, Geir Høydalsvik, tok ordet først.

– I haust lurte vi på om det framleis var behov for ein fest med kafidrøs og kaker. Men vi kom fram til at det var det, og det er vi glade for no, sa han og såg utover forsamlinga som telte om lag 140 personar. Dei fleste kom frå Ørsta, men fleire hadde kome med buss frå Sæbø. Høydalsvik var imponert over kor flinke pensjonistane er til å kome.

– Sjølv om det kjem flomvarslet tre gonger i veka og skoddedottane heng lågt, møter de opp, velkommen skal de vere, sa han.

Vidare snakka han litt om pensjonistlaget i kommunen.

– Eg har lese i avisene at pensjonistlaget på bygdene slit. Dette er litt rart sidan denne gruppa i befolkninga berre vert større og større. Kanskje de bør gjere slik som oss i Rotary, vi roterer til dømes på leiarvervet, sa Høydalsvik.

Inner Wheel

Før kveldens hovudattraksjon, Svein Kvamsdal, fekk sleppe til,



Svein Kvamsdal underheldt med viser, dikt og salmar av Jakob Sande. Programinnslaget var heilt perfekt for målgruppa.

tok president i Ørsta Inner Wheel Klubb ordet.

– Utruleg triveleg at så mange kunne kome. Inner Wheel er ein gammal ærverdig organisasjon. På kjeda eg har rundt halsen står namna på alle som har vore president før meg, og det er ikkje få, sa ho.

Organisasjonen er internasjonal og den skal mellom anna arbeide for sant vennskap, oppmunstre til teneste og internasjonal forståing, og ta vare på kvinner i ulike periodar i livet. Sjølv om ikkje Inner Wheel er ein velgjerdssorganisasjon, støttar dei ein del hjelpeprosjekt. Mellom anna ein yrkesskule for kvinner i Lima i Peru.

– Det som er litt kjekt er at vi heile tida har kontakt med skulen, og gir pengar til konkrete ting. Som ein ny sofa eller tilskot til ein bil, fortalte Juel Rognie.

Dei har dei siste 15 åra arbeidd mot narkotika. Pengane vi mellom anna får inn ved å selje gule roser går til å skaffe pengar til narkotikhundar som tollvesenet nyttar. Ørsta Inner Wheel Klubb støttar også lokale tiltak.

– Vi har nyleg gitt ein liten skjerv til Ørsta og Volda Ballettskule. Ein gruppe med dansarar der skal delta på ei dansekonkurranse i Aberdeen i august, fortalte presidenten.

Jakob og Svein

Det var Geir Høydalsvik som så introduserte Svein Kvamsdal som arbeider som prest i Volda. Han hadde vorte invitert for å underhalde. Temaet for kvelden var Jakob Sande.

– Den første visa eg vart kjend med var den om hanen, katten og gåsa. Eg kjende meg litt att i songen, sidan eg sjølv hadde vorte plaga av ein hane som liten, og som i ettertid forsvann. Kanskje han hadde reist til København?, undra Kvamsdal.

På repertoaret hadde den musikalske presten både morosame viser, songar og dikt med meir alvor. Eit av dei var visa om vesle Daniel som skulle ut i verda.

– I dikttinga til Jakob Sande finst det ofte fleire botnar. Namnet Daniel tyder «Gud er min dommar». Skipet han skulle ha hyre på vart kalla St. Salvador frå Haugesund. Salvador betyr den Heilage Frelsen, og i poesien vert havet nyitta om sjølve livet, fortalte Svein Kvamsdal.

Jakob Sande var veldig allsidig. Han har allereie to salmar i salmeboka. Og snart kjem ein til med

melodi av den tidlegare organisten og kantoren i Ørsta kyrkje, Roar Lillebø Goksøy.

Kjærleiksviser vart det også plass til. Ei av dei var om ein ungdomskjærleik det ikkje vart noko av. Denne hadde namnet «Pakta».

– Denne songen framførde eg på avslutningsfesten då eg var ferdig utdanna prest. Ein av dei andre kandidataane fortalte meg då at den jenta eg song om, var hans tidlegare søndagsskulelærar, sa Kvamsdal og smilte godt. Det høyer også til i historia at då han sjølv fekk jobb som prest, var dette i akkurat i denne bygda. Så «Pakta» passa han seg for å ikkje framføre medan han budde der.

Solcellepanel

Neste post på programmet var mat og, etter kvart loddosal. Damene i Inner Wheel hadde bakt kakene, medan karane i Rotaryklubben stod for smørbrøda. Medan kvinnene var på kjøkkenet, fauk mennene rundt om i lokalet og serverte, sette fram kaffikanner og selde lodd.

Inntekta av loddsalet skulle gå til solcellepanel i Sierra Leone. Eit prosjekt Ørsta Rotaryklubb har saman med klubben i Volda.

– Det er to Voldingar som skal reise ned og setje det opp, så de skal vere heilt trygge på at pengane kjem fram, informerte Høydalsvik før loddsalet tok til.

Lotteri

Som vanleg var det den sjarme-

rande rotarymedlemmen, Einar Øyehaug, som leia lotteriet. Måten han gjorde det på minna om ei blanding av talkshow, tv-programmet «Husker du» og ein god galldags bygdebasar.

Han kunne namnet på dei fleste som vann, nynna litt på gamle gode slagerar då det gjekk litt trott for folk å finne ut om dei hadde vunne eller ikkje, og hadde massevis av festelege kommentarar på lur.

Det var som vanleg mange flotte gevinstar på festen, som ein bilstøvsugar, stolar frå dei lokale møbelverksemndene, fruktkorger frå Coop Mega og Euro Spar og mykje konfekt.

Fantastisk flott fest

Mellom publikum fann vi berre positive folk. Slik som Oline Berge Ose (Nikka) og Synnøve Bjørdbakk. Dei uttalte seg på vegner av alle som sat rundt deira bord.

– Alle på bordet vårt er begeistra for Kvamsdal. Og dei som arrangerer denne festen er verkeleg flinke, seier Synnøve.

– Dette var ein fantastisk flott fest. Eg er her kvart år. Dette er noko vi gler oss til, seier Nikka.

Ho hadde ikkje hørt Svein Kvamsdal før, men var svært fornøgd med det han serverte.

– Det var veldig kjekt og interessant. Eg har ei av bøkene til Sande. Så det var kjent stoff, fortel Nikka.

På eit anna bord sat ekteparet Olav og Hallgerd Flø. Olav har arbeidd som pølsemakar, og er kjend

for det.

– Kvifor er de på festen?

– Eg har lova å vere lydig. Dessutan har eg vore her sidan eg vart pensjonist, og no er eg snart 90 år. Vi kjem att år etter år, fordi vi likar oss her, fortel Olav, og Hallgerd er heilt samd med husbonden.

Folkelege viser

Svein Kvamsdal likte seg også godt mellom pensjonistane i Ørsta. Sjølv er han 63 år og har budd i Volda i 21 år.

– Reiser du ofte rundt og held slike songkåseri?

– Det blir periodevis. Før jul har eg mykje å gjere. Då er eg innom mange sanitetslag, bygdekvinne-lag, pensjonistlag og liknande. Dett er noko eg har drive med her i området heilt sidan folk fekk nyss i at dette var noko eg likte.

Allereie som 14–15 åring starta interessa for folkelege viser. Favoritten var Ivar Medaas.

– Det var på den tida Mediaas hadde si glanstid. I 1963–64. Han hadde til og med sitt eige show på Chat Noir, fortel Kvamsdal.

– Ein kan seie mykje alvor gjennom humor, fortel den lune presten som også har samlekeldar rundt om i kyrkjene i Volda og Ørsta.

Ingvild Runde



Det stod ikkje på serveringa. Og dei frammodde storkosa seg.



Nokre av damene i Ørsta Inner Wheel Klubb som saman med Rotary arrangerte pensjonistfesten.